



Dei fem er, frå venstre, Magne Huglen, Kristian Bringedal, Kjell Magne Haugland, Ragnvald Myklebust og Vidar Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Ein solid delegasjon frå Humlepungen Ølbryggjarlag i Uskedalen flaug lørdag morgon til pilsenerølets heimland og kjem attende til Flesland ved midnatt tirsdag.**

Då veit karane truleg mykje meir om ølbryggjingas mysterier enn dei visste frå før.

Måndag har dei dagstur til pilsens heimby, som naturleg nok heiter Plzen. Men før utferda til verdensølets urkjelde har dei hatt to sikkert hektiske og minnerike dagar i Praha, kanskje den mest fascinerande hovudstad i Europa.

På biletet står delegasjonen klar til å reisa med Baronen frå Herøysund fredag ettermiddag.